

Møtereferat

Til: Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest

Til stades: Atle Lunde, Harald Kvame Hansen, Sigrun Marit Hansen, Joe R. Aseerwatham, Vidar Myren, Tor-Johnny Agledal, Cicel T. Aarrestad, Anita Üstün, Hege Kornberg Christensen, Lena Jordan.

Forfall: Hege Skjelbred-Knudsen, Astrid Gytri

Møteleiar: Atle Lunde

Sekretær: Lene Lie

Møtedato: 29.11.2023

Klokkeslett: 09.45 – 14.45

Møte nr.: 9/23

Møtestad: Møterom Tinghaug, Nådlandsbråtet 40, Forus.

Saksnr	Emne	Ansvarleg
72/23	Godkjenning av innkalling og melding av eventuelt-saker. Innkallinga blei godkjent og to saker meldt til eventuelt.	Leiar 09.45 – 10.00
73/23	Godkjenning av referat frå førre møte Referatet blei godkjent.	Leiar
74/23	Link til styresaker: https://helse-vest.no/om-oss/styredokument-skriv-og-meldingar <u>Saker til styremøte 6. desember</u> Mellom anna skal desse sakene handsamast: - Temasak om risikostyring - Topp 5 risiko - Økonomisaker - Status for arbeidet med beredskap - Helseberedskapsutvalet sin rapport - Nasjonal strategi for forskning og innovasjon - Internrevisjon av brukarmedverknad - Oppdragsdokument til felleseigde selskap - Revidert framskrivingsmodell for somatikk (anbefalt lesing) <u>Rapportering frå verksemda:</u> Ventetider og fristbrot på same nivå som i 2022. Departementet er opptatt av dette med ventetider inn i 2024. Ventetid for alle områder er på 68 dagar. Stavanger og Førde har høgast ventetider. Helse Vest har månadlege dialogmøte med helseføretaka. Føretaka må synleggjere kor utfordringane er størst. <u>Innspel i møtet:</u> <i>Nå er det i somatikken at det er størst ventetider. Rapport om digitalisering som omhandler korleis sjukehusa og pasienter skal ta i bruk digitaliseringa. To rapporter som anbefales: oppfølging til riksrevisjonen om bemanningsutfordringer og rapport om utnyttelse av kapasitet i sjukehusa.</i>	Bente Aae 10.00 – 11.00

Saksnr	Emne	Ansvarleg
	<i>Det står ingen ting om lærings- og meistringssentra. Dette bør hevast både innanfor budsjett og tenking.</i> <i>Det blei sagt at RBU kan be om ein eigen orientering på dette temaet.</i> <i>Regional strategi for forskning og innovasjon. Ein har skjønt at for å lukkast i det framtidige sjukehuset, må ein gjere det saman. All honnør til dei som har vore med å lage denne rapporten.</i> <i>Førespurnader til RBU og kven som skal/kan uttale seg? I Bergen blir henvendelser henvist til kommunikasjonsavdelingen eller fagdirektør. Viktig at dette blir tatt opp igjen på nyåret.</i>	
75/23	Brev/invitasjonar/høyringar til/frå brukarutvalet • Prosess og moglegheit for innspel til Styringsdokument 2023 til HF-a og Helse Vest IKT (sendt ut på førehand grunna frist for innspel 13. november). • RBUs innspel til styringsdokument • Sak til regionalt brukarutval frå Norilco om stomiomsorg Cicel opplyser om at det er veldig ulikt tilbod rundt om i landet. Ein forsøker å få til eit pasientforløp slik som for kreft. Norilco foreslår at dei kan kome å presentere saken. Denne brevet har vore sendt ut til alle HF-a. <u>Konklusjon:</u> RBU sender denne henvendelsen til fagdirektør i Helse Vest. • Ivaretaking av helseføretaka sitt finansieringsansvar for tarmtømmingsmiddel – orienteringssak. RBU tar saka orientering. • Henvendelse frå Malin Nuth Waggestaad-Stoa angående H-resept-prosjekt (nasjonalt). Helse Sør-Øst har kontakta Kreftforeningen og proLAR-nett. • Oversikt over høyringar. Henvendelser frå RBU kan sendes direkte til Ingvild Braut. • Oversikt over deltaking i prosjekt.	Leiar 11.05 – 11.45
76/23	Deltaking i prosjekt • Regionalt nettverk for kjønnsinkongruens. Cicel Aarrestad er oppnemnt. • Deltaking i prosjekt diabetes og digitale helsetenester. Vidar Myren er oppnemnt. Møtene er tirsdager hver 14. dag. Lena Jordan er meldt inn. • Regionalt tilbod til pasientar med endometriose og adenomyose. Hege Skjelbred-Knudsen er oppnemnt. Kontakt: Gjertrud Jacobsen.	Leiar 12.45 – 13.00
77/23	RBUs årlege melding Arbeidsfordeling i forbindelse med årleg melding. Arbeidsgruppe bestående av tre personar blei oppnemnt i møtet: Atle Lunde, Harald Hansen og Cicel Aarrestad. Hege Kornberg Christensen er med og lesar korrektur.	Leiar 13.00 – 13.15

Saksnr	Emne	Ansvarleg
78/23	Revidering av retningslinjer for brukarmedverknad Sette ned ei arbeidsgruppe til å forfatte eit høyringssvar. Astrid Gytri ønskjer å delta i arbeidsgruppa. Svara som har kome inn må samlast (det er litt sprikande forslag). Forslag i møtet: - Lik honorering, ekstra halvårleg (eller som timesats) til leiar/nestleiar. - Betre opplysing om kva som er forventa av RBU-medlemmer når det går inn i eit prosjekt. Pkt. 6 om arbeidsform og administrasjon. - RBU må få tilgang til dokumenter som ein kan lese igjennom til saker som skal opp i styre og utval. - Det er god oppslutning i RBU om at honoreringa må gjerast likt i regionane. - RBU ønskjer fire periodar (i staden for 3 periodar). <u>Oppsummert:</u> RBU setter opp eit forslag som sendes ut på mail til alle. Sekretær sett frist på nokre dagar, og så sendes det ut. Internrevisjonsrapporten – anbefalinger her bør tas inn i revidering av retningslinjene.	Leiar 13.15 – 13.30
79/23	RBU sin time • <u>Oppsummering frå konferansar</u> Tor-Johnny Agledal har deltatt på styreseminar Pasientreiser. Hege Kornberg Christensen og Tor-Johnny Agledal har brukt lang tid på innovasjonssøknadene. Dei rapporterer at det har vore eit veldig spennande arbeid. Atle Lunde og Hege Kornberg Christensen har vore på forskingskonferansen. Atle heldt eit innlegg og fekk mange gode tilbakemeldingar. <i>Denne gangen ble vi verkeleg sett og lytta til.</i> Cisel Aarrestad har vore med på møte om kjønnsinkongruens. Møtet var godt organisert og strukturert. • Referat frå leiarforum (leiar/nestleiar) Opning med at alle brukarutvala kunne fortelje kva dei arbeider med. Litt om kva slags prosjekter det arbeidast med. Digitale helsetenester, forskning og innovasjon mellom anna. Linn Bæra frå Ukom var der og informerte. Det var interessant. • Styringsdokument for RBU? Helse Sør-Øst har ein eigen strategi for sitt brukarutval. kva syns RBU? RBU meiner at dette ikkje er noko som hastar. RBU kan tenkje igjennom dette. Trur kanskje at dette vil være viktig å ha med seg inn i framtida. At det blir laget et strateginotat. • Den årlege brukarutvalskonferansen – ønskje om å ha denne om våren. • Hege Kornberg Christensen tipsa om NAV-saken. NAV har ikkje skikkeleg kontroll på logger. Viktig å halde seg oppdatert på desse tinga. (Datatilsynet: Susanne Lie).	Alle 13.40 – 14.30

Saksnr	Emne	Ansvarleg
	Eventuelt Hege Kornberg Christensen har forslag til korleis det kan lagast ein samhandlingsside på tvers av brukarutvala. (Facebook eller Teams?). Det blei ikkje konkludert i møtet, men det blir sjekka opp internt på RHF-et om Teams kan brukast. Vidar Myren hadde ein sak om innsparingar i budsjettet. Eit av tiltaka for å gjere innsparingar, som styret i Helse Førde ser på er nedlegging av rusinstitusjonen Tronvik. I oppdragsdokumentet til Helse Førde står: Gitt den krevjande økonomiske situasjonen i spesialisthelsetenesta skal helseføretaka i Helse Vest leggje vekt på å skjerme området psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling, og under dette bevare kvalitet og auke pasienttryggleik. Framtida til institusjonen vil få konsekvensar for pasientar utover Helse Vest. Då Helse Bergen kjøper plassar her. Er dette noko RBU kan/ skal meine noko om? Dette er omtalt i sak 66/23. Astrid Gytri tok dette opp med Ivar Eriksen i førre RBU-møte. Han svarte at han ikkje kunne gå inn å diktere Helse Førde på dette området. Han kunne ikkje blande seg inn i denne prosessen. <u>Konklusjon:</u> Atle tar dette opp med Ivar Eriksen eller Cathrine Bryne for en avklaring.	Alle 14.30 – 14.45